



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato:

26.03.2021

Vår ref:

2020/9586

Dykkar dato:

26.01.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til offentleg ettersyn av regional plan for berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033

Vi viser til oversending dagsett 24.1.2021.

Planen byggjer på mål og prinsipp i utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 (den regionale planstrategien). Planen har som visjon at Vestland skal vere nyskapande og berekraftig. Høyringsframlegget omfattar både eit forslag til plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 og eit handlingsprogram for 2021. Det skal seinare utarbeidast fireårige handlingsprogram, og det er presisert at det vedlagde handlingsprogrammet er kortsiktig og har som hovudføremål å konkretisere og jobbe ut eit fireårig handlingsprogram for 2022-2025, eventuelle årsplanar og samordning med budsjettarbeid for 2022.

Hovudmålet er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen har såleis tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Kunnskap og berekraft

Planen peikar på manglande kunnskapsgrunnlag og at kunnskapen om særleg sjøareala og fjellareala må betrast. Vi støttar dette og ser det som viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag ved utlegging av nye næringsareal, både i sjøområde, fjellområde og meir generelt. Statsforvaltaren konstaterer, og vi ser det som viktig, at det er lagt stor vekt på berekraftig utvikling. Berekraft knytt til klima og miljø er nemnt som ein viktig premiss for økonomisk og sosial berekraft, jf. figur 4 i kapittel 2. Vi ser det som ønskjeleg at det skal gå tydeleg fram i planen at berekraft for miljø og klima omhandlar økologisk berekraft, i tillegg til klima. Dette er ikkje minst viktig å legge til grunn i kapittel 3.4. om areal til næringsføremål.

Vi viser til at arealendringar i den seinare tid er peikt på som den største årsaka til tap av biologisk mangfold, både globalt og nasjonalt/lokalt. Dette kjem tydeleg fram av den internasjonale rapporten til FNs Naturpanel (IPBES) i 2019 som presenterte tilstanden til naturen på jorda. Over ein million



artar står i fare for å bli utrydda, dei fleste av dei som følgje av at 75 % av landarealet er vesentleg endra av menneske. I Noreg viser Artsdatabanken si nasjonale raudliste frå 2015 mykje av det same. 90 % av våre truga artar er truga som følgje av arealendringar, der nedbygging av natur er den dominante enkeltårsaka. Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål, som mellom anna seier at ein skal redusere øydelegging av habitat og stanse tap av biologisk mangfald. Tap av natur er ikkje berre noko som utspelar seg internasjonalt eller på overordna nivå, men i den enkelte kommune og fylke i form av korleis areala blir forvalta.

Ei kunnskapsbasert arealforvaltning, slik planforslaget legg vekt på, vil vere eit godt utgangspunkt for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald. I tillegg vil det vere viktig at arealforvaltninga er berekraftig ut frå eit økologisk perspektiv. Vi rår difor fylkeskommunen til å vurdere om det kjem tydeleg nok fram i planen at berekraft knytt til klima og miljø også omfattar økologisk berekraft, der naturgrunnlaget og biologisk mangfald er vektlagt. Vi legg t.d. til grunn at det med berekraft i retningslinje i kap. 3, om berekraftig areal til akvakultur, er meint økologisk berekraft, slik at omsynet til anadrom villfisk og anna biologisk mangfald i fjordsystemet skal vektleggjast.

Areal til næringsutvikling (kapittel 3.4)

Planen peikar på prosessar for god arealplanlegging. Mange kommunar har ikkje eit oppdatert planverk, og dette medfører auka bruk av dispensasjonar. Her vert samarbeid mellom kommunar peika på som løysinga.

Det er kommunen som er planstyresmakt i arealsaker, men det vert peika på at fylkeskommunen og statlege styresmakter bør ta ei tydeleg rolle som rådgjevar for kommunane og kome tidleg inn i planprosessen. Regionale planstyresmakter må også arbeide aktivt med å levere relevant kunnskap innafor sitt ansvarsområde til kommunane for bruk i arealplanar, og leggje til rette for samordning av næringsareal.

Planen peikar på at det må sikrast nok areal i arealplanane til den næringsutviklinga som det blir lagt opp til. Her er det aktuelt å utvikle ny industri utan nye naturinngrep t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde.

Den nasjonale jordvernstrategien vert løfta fram som ein indikator for jordvern.

Statsforvaltaren ønskjer at fylkeskommunen skal ta eit tydelegare grep kring jordvern. Dette kan gjerast gjennom ein regional strategi for jordvern som set klare mål og legg større press på reetablering og fortetting av regulerte område. Eit slikt dokument vil vere eit viktig verktøy både for kommunane og regionale styresmakter.

Jordvern er eit aktivt tiltak for å sikre jordbruket sitt næringsareal. Dette er viktig for å sikre ein lokal og nasjonal matproduksjon både på kort og lang sikt. Areal som blir omdisponert til andre føremål er som regel tapt som ressurs for matproduksjonen.

Frå plan til handling (kapittel 4)

Satsingane i planen gjeld alle bransjar, og det er difor ikkje trekt fram spesifikke næringar på regionalt nivå som det skal satsast på. Planen skal konkretiserast gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar. Sjølv om det er mål om minst mogleg planar og samordning av plansystemet, så er det opna for eigne temaplanar og strategiar.

Statsforvaltaren rår til å utarbeide ein eigen temaplan for landbruk. Gjennom regionreforma fekk fylkeskommunen utvida ansvar og mynde på landbruksområdet. Med dette har Vestland



fylkeskommune hovudansvaret for utviklinga innan landbruket og landbruksrelaterte næringar i Vestland. Dette ansvaret kan vise seg gjennom ein eigen temaplan for landbruk som set mål og tiltak for ei næring i omstilling.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent